

NATURMANGFALD I SULA KOMMUNE

Planprogram (forslag)



Foto: Vibeke Bjørkavåg

Samandrag

Planprogram, temaplan for naturmangfald, skal gjere greie for at kommunen har ei viktig rolle i å sikre god forvaltning av naturen. Sula kommune vil bidra til å stanse tapet av naturmangfald. Arealendringar er i dag den største påverknaden på naturmangfaldet i Noreg. Ein temaplan for naturmangfald gir kommunen eit samla kunnskapsgrunnlag og eit praktisk verktøy i planlegging og forvaltning, særleg i arbeidet med ny arealplan.

Planen skal gi kunnskapen om naturverdiar på ein systematisk og tilgjengeleg måte som løfter fram områder som er viktige lokalt. Arbeidet vil kartlegge naturmangfald i kommunen, noko som bidreg til å tette kunnskapshol.

Temaplan for naturmangfald er eit viktig verktøy for å ivareta naturmangfald i Sula kommune med ein plan som gir oversikt og kunnskap, ein ressursbank



Innhald

1.	Innleiing	2
1.1	Generell innleiing	2
1.2	Politisk forankring	4
2.	Formål med planarbeidet	5
3.	Planavgrensing for naturmangfaldsplanen	6
3.1	Tema som skal gjerast greie for i naturmangfaldsplanen	6
3.2	Tema som planen ikkje skal ta føre seg	6
3.3	Sjøareal	6
4.	Rammer for planarbeidet	7
5.	Overordna føringar	7
5.1	Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging	7
5.2	Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld.St.14)	7
5.3	Fylkesplan for Møre og Romsdal	7
5.4	Kommuneplanen sin samfunnsdel, Sula kommune	8
5.5	Naturmangfaldslova	8
6.	Planprosess og moglegheit til medverknad	9
6.1	Planprosess	9
6.2	Organisering av arbeidet med kommunedelplan naturmangfald	9
6.3	Framdriftsplan	10
7.	Behov for utgreiingar	11
7.1	Vurdering av behov for konsekvensutgreiingar	11
7.2	Kva er kartlagt i dag	11
7.3	Behov for nye kartleggingar av naturområde	12
7.4	Anna	12

1. Innleiing

1.1 Generell innleiing

Planprogrammet du no les er i praksis eit «program» for planen,- ei oppskrift for naturmangfaldsplanen som skal lagast. Plan og miljøutvalet vedtok i sak nr. 53/24 at Sula kommune sin plan for naturmangfald vart lagt ut på høyring og offentleg ettersyn. Oppstart av planarbeidet jf. plan- og bygningsloven §§ 4.1, 11.12 og 11.13.

Plan og miljøutvalet har gjort vedtak i sak x/26 den 03.03.2026 om å legge ut revidert planprogram for temaplan naturmangfald, i tråd med vedteken samfunnsplan.

Planprogrammet skal fylgje prosesskrav i plan og bygningslova(PBL) §4-1. Denne paragrafen sett krav til kva planprogrammet skal gjere greier for, blant anna:

- Formålet med planarbeidet
- Planprosessen
- Opplegg for medverknad
- Behov for utgreiingar (ny kunnskap)

Planprogrammet for temaplanen er i tråd med samfunnsplanen som kommunen sin overordna plan. Samfunnsplanen legg føringar for vidare arbeid med arealplan, kommunedelplanar, temaplanar, strategiar og budsjett og økonomiplan. Plan for naturmangfald er underlagt desse føringane.

Sula kommunestyre vedtok den 24.04.2025 i K-sak nr. 036/25 samfunnsplan 2025-2035. Sula kommune sin samfunnsplan legg føringar for denne naturmangfaldsplan.

Sula kommune fekk godkjent søknad om tilskot til utarbeiding av KDP for naturmangfald pålydande 400.000 kroner frå Miljødirektoratet gitt i brev datert 19.03.2024 med vår ref. 2024/1004.

Tilskotet er utbetalt etter politisk vedtak nr.53/24 om oppstart av planarbeid. Sjå krav frå Miljødirektoratet og fristar i figur 1. Sula kommune rapporterte innan fristen og fekk tildelt tilskot.

Leveranse	Beskrivelse	Frist
Delrapport	Delrapport med vedtak om oppstart av planarbeid	31.10.2024
Sluttrapport	Sluttrapport med godkjent prosjektreknasap og evaluering	31.03.2026

Figur 1. Utbetalingsplan – krav frå Miljødirektoratet

Tilskotet skal nyttast til utarbeiding av ein lokal plan for naturmangfald i Sula kommune. Naturmangfaldsplanen skal systematisere kjent kunnskap knytt til naturmangfald, oppdatere kunnskap ved behov og gje ei betre samla oversikt over viktige naturmangfaldsverdiar i Sula kommune.

Ein av dei største trugslane mot naturmangfald er arealinngrep og arealbruksendringar.


Målsettinga med temaplanen er å få oversikt over kva ein har av verdifullt naturmangfald og kva ein står i fare for å miste, som fylgje av godkjente planar til utbygging. Denne kunnskapen skal ein i



oppfølgjande fase nytte ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og kan nyttast i arbeid med planvask for overordna arealplan og eldre reguleringsplanar, som er i strid med gjeldande [Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#)

Nye statlige planretningslinjene (SPR), for klima og energi og arealbruk og mobilitet, ble vedtatt i slutten av desember 2024. [Nye statlige planretningslinjer for klima, energi, arealbruk og mobilitet - miljødirektoratet.no](#) Dette er retningslinjer som vert nytta i planarbeid.

I [Stortingsmelding 14 \(2015-2016\) Natur for livet- Norsk handlingsplan for naturmangfold](#) legg regjeringa inn nasjonale krav til forvaltning av naturmangfold i Norge, blant anna er det eit punkt direkte knytt til kommunane. St. Meldinga fastsett at kommunane si kompetanse om naturmangfold skal styrkast, sjå figur 2.



Figur 2. Utsnitt frå Meld.St.14 s.6

Miljødirektoratet krev som vilkår for tilskotet på 400.000 kr, at arbeidet med naturmangfaldsplanen skal vere forankra politisk, gjennom planstrategi og det skal leggjast opp til ein brei medverknadsprosess, ved å følge prosessreglane til plan og bygningslova kap.11. Revidert temaplan for naturmangfald er forankra i vedteken samfunnsplan, og vil vere ein del av arbeidet som vert nytta ved rullering av kommuneplan sin arealdel.





1.2 Politisk forankring

Kommunen sin gjeldande arealplan vart vedtatt av kommunestyret i 2015, K-sak 027/15. Det er sett i gang arbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel.

Sula kommunestyre vedtok *Planstrategi Sula kommune 2024-2027* den 21.03.2024 i sak 012/24. Planstrategien synleggjer behovet for ein naturmangfaldsplan og prioritetar ressursar som del av dei prioriterte planoppgåvene for kommunen i kommunestyreperioden.

Temaplan for naturmangfald vil bli utarbeidd i tråd med samfunnsplanen sine mål og arealstrategiar. Arealstrategiar i samfunnsplanen er vedteken i K-sak 36/25:

Sula kommune sine arealstrategiar
Bruk av areal for ønska samfunnsutvikling

1 Langevåg er kommunen sitt områdesenter, medan Fiskarstrand/Mauseidvåg og Solavåg er lokalsentra i kommunen. Her skal vi stimulere til ønska samfunnsutvikling og arealbruk. a) Vi skal bidra til at områdesenteret og lokalsentra skal ha tilgjengeleg bustad- og næringsareal, god digital og teknisk infrastruktur, kollektivtilgang, inkluderande møteplassar, areal til kultur, fritids- og idrettsanlegg, og god tilgang til nærtur- og friluftsområde. b) Vi skal bidra til at Langevåg sentrum skal vere eit levande sentrum der ulike funksjonar blir meir samla og blanda. Detaljhandel, kulturinstitusjonar og andre publikumsretta verksemdar skal i hovudsak lokaliserast til Langevåg sentrum. c) Vi skal bidra til å sikre at fortetting og transformasjon vil bli prioritert i og nær Langevåg sentrum og eksisterande utbyggingsområde i lokalsentra i Solavåg og Fiskarstrand/Mauseidvåg, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde. d) Vi skal bidra til å sikre mangfald og variasjon i bustadtilbodet, ivareta bustadsosiale omsyn og legge vekt på gode bumiljø. 2 Vi skal samarbeide med nabokommunane og fylkeskommunal og statleg vegmynde for å sikre gode løysingar for kommunen sitt transportnett. Dette omfattar mellom anna fokus på utviding av kollektivtilbod, tilrettelegging for pendling (inn og ut av kommunen) og sikkerheit.	3 Vi skal legge til rette for gode og samanhengande gang- og sykkelveggar, spesielt i sentrum og langs skuleveggar. 4 Vi skal sikre areal til vidareutvikling og nyetablering av offentlege funksjonar, samt legge til rette for løysingar for fellesskapet. Dette gjeld til dømes løysingar som inviterer til felles arealbruk. 5 Vi skal sikre at kommunen har tilgang på ulike typar næringsareal. Nye næringsareal skal i hovudsak vere knytt til hovudvegnettet og traséar for kollektivtransport, eller vere sjønært. Områder avsett til næringsformål skal ha høg arealutnytting. 6 Vi skal bidra til å sikre at sjøareala blir brukt på ein berekraftig måte, og slik at dei er open for ulik og allmenn bruk, som friluftsliv, naturmangfald og næringsverksemd. Sikring av økosystem og marint liv for framtidige generasjonar skal ha høg prioritet. 7 Vi skal fortrinnsvis gjenbruke og fortette område som allereie er utbygd framfor å ta i bruk nye natur- og landbruksområde. 8 Vi skal ta vare på viktige natur- og friluftslivsområde, og legge til rette for at innbyggjarane har god tilgang til områda. 9 Vi skal ta vare på verdifulle naturtypar, biologisk mangfald og kulturminne/kulturmiljø. 10 Lokalisering av naust og fritidsbustader skal ikkje vere i konflikt med viktige allmenne interesser eller natur- og friluftsområde. 11 Arealforvaltinga i kommunen skal ta omsyn til heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse slik at vi kan førebygge uønske hendingar.
---	---

Nasjonale forventningar som gjev Sula kommune som planmynde lokale føringar om at kommunane ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel bør vurdere om vedteken arealbruk svarar til framtida sine behov. Det er presisert i nasjonale forventningar at kommunane må ta ut eller redusere utbyggingsareal. Fortetting og transformasjon av bustad,- og næringsområde skal vurderast, før nye utbyggingsområde vert avsett.

Samfunnsplanen har utarbeidd eigedomsstrategi, og drift og investeringsstrategi som har gitt kunnskapsgrunnlag å ta med seg i det pågåande arbeidet med kommuneplan sin arealplan, andre styringsdokument og temaplanar, som denne temaplanen for naturmangfald.

Å ta omsyn til naturmangfald i arealforvaltinga er ikkje eit val, men eit pålagt krav alle kommunar skal etterkome i sine lokale vedtak knytt til arealbruk-



2. Formål med planarbeidet

Sula kommune vil lage ein temaplan for naturmangfald fordi vi vil:

- Samle all kjent kunnskap om naturmangfald i kommunen i ein plan, slik at informasjonen vert meir tilgjengeleg og oversiktleg for både kommuneadministrasjonen, politikarar, interesseorganisasjonar, grunneigarar og innbyggjarar.
- Etablere eit samla kunnskapsgrunnlag for naturmangfald som grunnlag for saksbehandling og forvaltning av alt areal i kommunen.
- Gjere naudsynte kartleggingar av natur og artar der ein manglar kunnskap, slik at vi får oppdatert og auka kunnskap om det naturmangfaldet ein har i kommunen. Identifisere «Kunnskapshol». Eksisterande kunnskap for naturmangfald Sula kommune har skal leggest saman med kunnskap for areal det ikkje har vore gjort kartlegging tidelegare.
- Kartfeste alle viktige område for naturmangfald (lokalt, regionalt og nasjonalt viktige) i temakart av kommunedelplanen, slik ein kan unngå inngrep knytt til desse områda og redusere tap av naturmangfald.
- Kartlegging gir grunnlag for å vurdere om det er område ein kan vurdere å verne eller endre.
- Få oversikt over funksjonsområde og trekkruter for hjortevilt.
- Få oversikt over viktige leveområde for sjøfugl
- Lage føresegner og retningslinjer for dei kartfesta områda, som skal redusere tap av naturmangfald, når der skal gjerast andre vedtak i tilknytning til areal i desse områda.
- Identifisere område som kan trenge ytterlegare kartlegging og oppfølging gjennom handlingsprogram.

Handlingsdel:

- Fastsette konkrete handlingspunkt for å unngå nedbygging av naturverdiar
- Innarbeide relevante handlingspunkt som førande for revisjon av arealdelen av kommuneplanen.



3. Planavgrensing for naturmangfaldsplanen

Naturmangfaldplan skal gjelde for heile kommunen, både sjø og landareal. I praksis er det landarealet som er mest truga av utbygging og ev. endra disponering. Sjøareal, med sjøbotn, kan verte utsett for ulike påverknadar/utnytting/utbygging, men då i form av sjøfyllingar, utbygging av infrastruktur som m.a. sjøleidningar, bruer, moloar, brukarinteresser som ulike typar akvakultur/havbruk. På land er det oftast sjønære areal/strandsone og areal i tilknytning til tettstadar/knutepunkt som er under utbyggingspress. Fjellområda og utmarksområda har utbyggingspress knytt til hyttefelt. Arbeid med reguleringsplan for gondol på Sulafjellet har gitt Sula kommune verdifull dokumentasjon som kan leggest inn i arbeidet med naturmangfaldsplan. Grøne korridorar av natur mellom ulike naturområde kan vere under press, samt korridorar for samanhengande natur mellom fjell og fjøre.

3.1 Tema som skal gjerast greie for i naturmangfaldsplanen

Raudlisteartar, artar av nasjonal forvaltningsinteresse, vilt og trekkruiter, myr, våtmark, funksjonsområde, naturtypar, inngrepsfrie naturområde, verneområde, laksefjordar, gyttefelt, korallførekomstar, elvemusling, naturskog, NIN-kartleggingar og arts kartleggingar. Framande artar vert også tema, då dei er ein trugsel mot biologisk mangfald. Få identifisert område viktig som del av overordna blågrøn infrastruktur. Oppstillinga er ikkje uttømmende.

Eksemplar på areal som kan være viktige: økologiske korridorar, grøntområde i by/tettstadar, vatn, vassdrag og elvemunningar, trekkvegar for vilt og migreringsruter for marine artar. Begrepet «grøn infrastruktur» omfattar alle slike type areal. Grøn infrastruktur er areal og landskapselement som har stor betydning som formeirings, oppvekst- og forflyttingsområde for artar og for artane si overleving over lang tid. Områda kan ha stor verdi for økologiske prosessar og vassbalansen i eit område, blågrøn infrastruktur. [Veileder Grøn infrastruktur i arealplanlegging](#), Miljødirektoratet.

Slike område er ikkje berre nødvendig for naturmangfaldet, men har ofte også betydning for menneske som art og gjennom påverknad på folkehelse.

Miljødirektoratet har utarbeidd ein rettleiar for kommunedelplanar/temaplan for naturmangfald som viser til det nasjonale arbeidet for å ivareta naturmangfald med vekt på kommunen sin rolle. [Kommunedelplaner for naturmangfold - miljodirektoratet.no](http://kommunedelplaner.for.naturmangfold-miljodirektoratet.no)

3.2 Tema som planen ikkje skal ta føre seg

Forureining, skjøtsel, forsøpling, friluftsliv, landskap, kulturminne er moment som kan vere opent då planen sitt fokus er i tråd med regjeringa sin politikk for å bidra til å ta vare på naturmangfaldet, jf. [Meld. St. 14 \(2015–2016\) - regjeringen.no](#) og nasjonale forventningar planprogrammet viser til ovanfor.

3.3 Sjøareal

Når det gjeld sjøareal vil Sula kommune først og fremst samle eksisterande kunnskap om naturmangfald i sjø. Sula kommune har store sjøareal. Ein del av naturmangfaldet i sjø er registrert, men der er truleg mykje ein ikkje har registrert. Blant anna ålegras er der funne fleire stadar. Å gjennomføre større kartlegging av naturmangfald i sjø er svært ressurskrevjande.



4. Rammer for planarbeidet

Naturmangfaldsplanen skal utarbeidast som ein temaplan – for eit særskilt tema- naturmangfald. Planen skal fylgje plan og bygningloven som prosesslov, noko som sikrar medverknad og forankring. Planen skal nyttast i sakshandsaming, arealforvaltning, ved revisjon av kommuneplanen sin arealdel og utarbeiding av nye detaljplanar. Medverknad vil kunne gi ny og viktige kunnskap til temaplanen.

5. Overordna føringar

5.1 Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging

[Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) sett sterke og tydelege føringar knytt til naturmangfald i kap. 5 *Klima, natur og miljø for framtida*. Dei nasjonale forventningane omset dei internasjonale forpliktinga til kva dei betyr for Norge, heilt ned til den enkelte kommune. Nasjonale forventningar påpeikar at 80% av Norge sine areal vert forvalta gjennom plan og bygningloven, i hovudsak gjennom kommunal planlegging. Det meste av naturmangfaldet i Norge går tapt gjennom arealinngrepa vedteken av den enkelte kommune. Det er altså det enkelte kommunestyre som har makt til å redusere tap av naturmangfald.

Nasjonale forventningar kap. 5.3 presiserer viktigheita av kunnskap om naturmangfald i arealforvaltninga og i alt planarbeid. Det vert oppmoda spesifikt til bruk av tematisk kommunedelplan for naturmangfald, i arbeidet med identifisering og varetaking av viktige naturområde/økologiske funksjonsområde.

«VIKTIGE TEMA I REGIONALE OG KOMMUNALE PLANER FRAMOVER VIL VÆRE HENSYN TIL
NATURMANGFOLD, OMSTILLING TIL ET KLIMAROBUST LAVUTSLIPPSSAMFUNN, LANGSIKTIGE
AREALVURDERINGER FOR Å MINIMERE AREALTAPET AV NATUR OG HELHETLIG FORVALTNING AV
VANNRESSURSENE.»

NASJONALE FORVENTNINGAR TIL REGIONAL OG KOMMUNAL PLANLEGGING 2023-2027

5.2 Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld.St.14)

[Stortingsmelding 14 \(2015-2016\) Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald](#) punkt 5.4 omhandlar overordna politikk for arealforvaltning. Arealendringar vert oppgjeve som den største negative påverknad på natur i Norge. Regjeringa legg førande prinsipp for arealinngrep – det skal takast vare på den mest verdifulle naturen, kommunen sitt arbeid med naturmangfald skal styrkast.

5.3 Fylkesplan for Møre og Romsdal

[Fylkesplan for Møre og Romsdal 2025-2028](#) Fylkesplanen er ein tverrfagleg utviklingsplan for samfunnet Møre og Romsdal i inneverande planperiode 2025 – 2028. Den er bygd opp rundt FN sine berekraftmål og dei tre berekraftdimensjonane som ligg der. Den inneheld 17 fylkesplanmål som



stakar ut retninga fylket skal utvikle seg i. I oppstarten av arbeidet vart det laga eit kunnskapsgrunnlag for å finne fram til dei viktigaste utfordringane fylket står ovanfor.

5.4 Kommuneplanen sin samfunnsdel, Sula kommune

Kommuneplan sin samfunnsdel er vedteke i K-sak nr. 036/25, [Samfunnsplan for Sula kommune 2025-2035, endeleg behandling](#).

[Samfunnsplan - Sula kommune](#)

Kunnskapsgrunnlaget for samfunnsplanen består av tal, fakta og statistikk frå fleire kjelder.

I tillegg kjem gjeldande [planar og andre styringsdokument i Sula kommune](#).

- [Kunnskapsgrunnlag for samfunnsplanen](#)
- [Analyse av bustadbehov for eldre innbyggjarar fram mot 2040](#)
- [Folkehelseoversikt Sula kommune 2021 \(PDF, 2 MB\)](#)
- [Statistikk for Sula kommune for 2023 utarbeida av Møre og Romsdal fylkeskommune](#)
- [Sula kommune sin samfunnsplan 2010-2020 \(PDF, 2 MB\)](#)

5.5 Naturmangfaldslova

Formålsparagrafen i naturmangfaldslova foreinar både bruk og vern av naturen, men bruken skal skje på ein måte som ikkje skadar, men langsiktig tek vare på dei prosessane i naturen som menneske, dyr og planter er avhengig av. Paragraf 8. sett krav til at offentlege avgjersler skal vere kunnskapsbaserte, mens §9. inneheld «føre-var-prinsippet», ein skal unngå vesentleg skade på naturen, dersom der er risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet, skal ikkje mangel på kunnskap vere årsak til å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

§1. (Lovens formål)

Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

6. Planprosess og moglegheit til medverknad


6.1 Planprosess

Planprosessen for temaplan for Naturmangfald vil fylgje prosess fastsett av plan og bygningloven, sjå figur 4. Planarbeidet er forankra i Samfunnsplan 2025-2037 og dette planprogrammet.

Planprogrammet skal på offentleg ettersyn samstundes som det vert varsla oppstart av planarbeidet.

Etter varsla oppstart startar arbeidet med sjølve planen med m.a. kartleggingar, registreringar, innhenting av data og kartfestingar. Det vert utarbeidd framlegg til plandokument som skal til offentleg ettersyn og på høyring hjå overordna mynde. Innspel gjennom medverknad vil kunne gi auka kunnskapsgrunnlag.

Forslag til temaplan for naturmangfald skal leggst ut på offentleg ettersyn, eventuelt endrast og godkjennast i kommunestyret. Endeleg vedtak, temaplan for naturmangfald skal kunngjerast.



Figur 3. Planprosessen for utarbeiding av kommunedelplan Naturmangfald etter PBL.

6.2 Organisering av arbeidet med kommunedelplan naturmangfald

Prosjektansvarleg

Kommunedirektør Sula kommune

Prosjektleder/Planansvarleg

Cecilie Solli, rådgjevar

Kartansvarleg

Eining for tekniske tenester vil gi tilgang til kartdatabase

Intern styrings- og arbeidsgruppe

Einingsleiar tekniske tenester

Prosjektleiar

Plan og miljøutvalet

Representantar kommunedirektøren peikar ut

Referansegruppe

Statsforvaltar Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune, NVE, Kystverket

Medverknad

Invitasjon til medverknadsmøte for organisasjonar, grupper, verksemdar med særleg interessefelt og kunnskap om naturmangfald. Medverknad skal sikre både fagleg kvalitet og lokal forankring.

Eksterne aktørar vi vil invitere til medverknad er:

- Statsforvalteren i Møre og Romsdal
- Miljødirektoratet
- Nabokommuner
- Grunneigarorganisasjonar
- Naturvernforbundet, SABIMA og andre interesseorganisasjonar

6.3 Framdriftsplan

Framdriftsplanen skal oppdaterast ved endringar og behov.

Fase	Aktivitet	Tidsrom	År
Forankring	Arbeid med naturmangfald inn i planstrategi	Januar	2024
	Orienteringssak om planstrategi samfunnsplanen, formannskapet	27. Februar	
	Arbeid med å få grunnlag for kommunedelplan (KDP) Naturmangfald inn i planstrategi og kunnskapsgrunnlag for samfunnsdelen. Møter med miljødepartementet.	Mars-april	
	Vedtak planstrategi arealplan 2023-2027 med temaplan Naturmangfald	Okt	
	Arbeid med planprogram for temaplan naturmangfald, arbeidsfase. Politisk orientering	Juni -august	
Planprogram	Vedtak oppstart av KDP naturmangfald og høyring av planprogram i Planutvalet, politisk vedtak.	20.august	2024
	Annonsering varsel om oppstart/høyring planprogram KDP Naturmangfald		
	Delrapport med vedtak skal sendast Miljødirektoratet i tråd med gitt frist. Rapport levert og godkjent.	Godkjent 31.10.24	
Arbeidsfase planforslag	Politisk godkjenning av revidert planprogram Søkt og fått godkjent utsatt frist for rapportering Arbeid med plandokument for Naturmangfald	Februar	2026
Høyringsfase	Plan og miljøutvalet, vedtak om oppstart og planprogram leggst ut til offentlig ettersyn av	Mars	



	temaplan naturmangfald, og høyring av planforslag, minimum seks veker.		
	Saksbehandling av merknadar, og justering. Arbeid med planforslag til temaplan naturmangfald.	April	
	Vedtak i plan- og miljøutvalet. Høyring i minimum seks veker	Mai	
Slutføring	Sluttbehandling av temaplan Naturmangfald Godkjenning av temaplan i Kommunestyret.	Juni - august	
	Sluttrapport	August	

7. Behov for utgreiingar

7.1 Vurdering av behov for konsekvensutgreiingar


Temaplan for naturmangfald skal utarbeidast i tråd med plan og bygningsloven som prosesslov, men vert som ein temaplan. Det skal ikkje leggst inn nye utbyggingsområde eller legge til rette for nye tiltak, planen vil difor ikkje hamne under krava i Forskrift til konsekvensutgreiing.

7.2 Kva er kartlagt i dag

Kjende kartleggingar

Naturverdiar som er kartlagt finst i [Naturbase](#), ein kan få fram alle kartleggingar knytt til natur i kartportalen til Statsforvaltar i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune [Gislink.no](#), der data er henta frå Naturbase. I Gislink ligg der informasjon om artar, naturtypar, verneområde, etc. og alle har underkategoriar som har data. Der er opplysningar om kven og når det er registrert og er knytt faktaark til ulike registreringar. Kjent datamaterialet må analyserast mot dagens planverk i kommunen og ein må identifisere konflikhtar knytt til arealbruk og naturmangfald.

Kartlegging som er utarbeidd i tråd med Miljødirektoratet sin instruks er merka på kartet under.



Skjøtselsplanar og eksisterande utgreiingar i Sula kommune

Kartlegginga er utført på oppdrag frå Møre og Romsdal fylke ved areal- og miljøvernavdelinga med forfattaren, Dag Holtan, som tilsett rådgjevar i arbeidet. Hovudformålet med prosjektet er å gi kommunen og andre arealforvaltarar eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige bruken av naturen i kommunen, slik at omsynet til det biologiske mangfaldet kan bli kjent innanfor dei ulike verksemdene. Planen er frå 2008 og datert 09.01.2009. på side 17 og 18 har rapporten identifisert områder som er særleg verdifulle for det biologiske mangfaldet, med levestader for særleg mange arter, eller for uvanlege eller kravfulle arter som har vanskeleg for å finne leveområde elles i landskapet. [sula 2008.pdf](#)

Kartlegging av Biologisk mangfald i Sula kommune



Hovudføremålet kartlegginga frå 200-2001 i Sula kommune var å gje kommunen, og dei einskilde grunneigarane, eit godt naturfagleg grunnlag for den framtidige forvaltinga av dei påviste biologiske verdiane i dei ulike naturtypene. Eit anna mål var å gje eit så godt oversyn som råd over dei naturverdiane og artane som finst i dei undersøke områda. Eit generelt føremål med naturfagleg kartlegging er elles å verne om naturen, og ein får vone at dette arbeidet vert eit viktig dokument i den langsiktige arealplanlegginga i kommunen. [Holtan, D & Grimstad, K \(sula.kommune.no\)](#)

7.3 Behov for nye kartleggingar av naturområde

I arbeidet med å samle kjent (allereie registrert data) kunnskap om naturmangfald, vi vil vurdere kva område ein treng meir kunnskap om, evt. om der er naturområde det alt er gjort registreringar, kunnskapsgrunnlaget gjort lokalt for Sula kommune er av eldre årgang.

Natur som ikkje er kartlagd

I planarbeidet vert det nytta naturbase og gislink for å vurdere om arealbruk som vert gjort kjent i planarbeidet er i strid med naturverdiar. Naturområde som ikkje er kartlagt eller vurdert, kan feilaktig bli antatt at ikkje har vesentlege naturverdiar, men årsaka er kanskje at der ikkje er gjort kartleggingar.

7.4 Anna

Tillegg som er viktig for temaplanen som kjem fram i planarbeidet vil bli lagt til planen som skal vere eit lokalt kunnskapsgrunnlag for Sula kommune.